

Finn Ove Båtevik
Johan Barstad

Einskapsfylket Møre og Romsdal – sett frå kommunane

Dokumentasjonsrapport



HØGSKULEN I VOLDA



**MØREFORSKING
VOLDA**

Prosjekttittel	Kommunegransking knytt til prosjekt i einskapsfylket
Oppdragsgjevar	Møre og Romsdal fylke
Prosjektansvarleg	Møreforskning Volda
Prosjektleder	Finn Ove Båtevik
Ansvarleg utgjevar	Møreforskning Volda
Sats	Finn Ove Båtevik
ISBN	82-7692-257-0 (nettutgåve)
ISSN	0805-6609
Distribusjon	http://www.moreforsk.no/volda.htm http://www.hivolda.no/fou

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleder (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Forord

Møreforskning Volda har på oppdrag frå Møre og Romsdal fylke gjennomført ei evaluering av ordninga med einskapsfylket. Oppdraget har vore delt i tre. Rapporten *Einskapsfylket Møre og Romsdal – sett frå kommunane* er resultat av den delen av evalueringa som har gått under namnet *Kommunegransking knytt til prosjekt i einskapsfylket*. Dette er dokumentasjonsrapporten frå denne evalueringa. I tillegg er det laga ein eigen rapport, der hovudresultata blir presenterte utan den dokumentasjonen som er med i denne rapporten.

Vi takkar Møre og Romsdal fylket for oppdraget og for eit godt og konstruktivt samarbeid. Ei særleg takk til Ingunn Bekken Sjøholm som vår hovudkontakt i fylket. Vi takkar også dei mange i kommunane som har svart på eit innhaldsrikt spørjeskjema. Professorane Roar og Jørgen Amdam har gitt nyttige kommentarar undervegs i arbeidet. Takk også til dei!

Finn Ove Båtevik (prosjektleder)
Johan Barstad

Forord.....	3
Einskapsfylket Møre og Romsdal	7
Kort om datagrunnlaget.....	9
Om informantane.....	11
Allment om tilhøvet til fylket.....	13
Vurderingar av forsøket med einskapsfylke.....	15
Vurderingar av større regionar	19
Vurdering av tiltaket ”Det 13-årige skuleløpet”.....	21
Vurdering av den nye behandlingsforma i plansaker	23
Vurderingar av førebyggjande helsearbeid.....	25
Einskapsfylket vurdert frå kommunane – oppsummering.....	27
Referansar	31
Tabellar og tekstkommentarar	33
<i>Om informantane</i>	33
<i>Allment om forholdet til fylket</i>	34
<i>Vurderingar av forsøket med einskapsfylke</i>	36
<i>Vurderingar av større regionar</i>	46
<i>Vurdering av tiltaket ”Det 13-årige skuleløpet”</i>	50
<i>Vurdering av den nye behandlingsforma i plansaker</i>	54
<i>Vurderingar av førebyggjande helsearbeid</i>	58
<i>Tekstsvar ordførar eller rådmann</i>	63
<i>Tekstsvar etatssjef, sakshandsamar o.l.</i>	66

Einskapsfylket Møre og Romsdal

Einskapsfylket Møre og Romsdal er i løpet av dei første månadane i 2006 evaluert av Møreforskning Volda. Dette har resultert i tre rapportar. I tillegg til rapporten du les no; *Einskapsfylket Møre og Romsdal – sett frå kommunane*, gjeld det *Einskapsfylket og evaluering av satsingar* (Amdam og Tangen 2006) og *Erfaringar med einskapsfylket – gjennomføring av statlege og fylkeskommunale oppgåver* (Stangeland og Barstad 2006).

Frå 1. januar 2004 vart ideen om einskapsfylket sett ut i livet i Møre og Romsdal. Ordninga har utspring i St.meld. nr. 19 (2001-2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – lokalt og regionalt nivå*, der det blei lagt opp til ulike forsøk med alternative måtar å organisere oppgåvefordelinga og forvaltninga på. Som einaste fylke i landet er dei tilsette i fylkeskommunen og dei tilsette hos fylkesmannen fullt integrert i eitt felles regionalt organ, med unntak av fylkesmannen sjølv og assisterande fylkesmann. Den nye regionale eininga har namnet Møre og Romsdal fylke. Forsøket skal gå over fire år fram til utgangen av 2007, og med høve for utviding til 2010.

I forsøksperioden skal Møre og Romsdal fylke gjennomføre dei oppgåvene som ordinært er lagt til fylkeskommunen og til fylkesmannsembetet, med nokre unntak: Fylkesmannen held fram med å ha sjølvstendig ansvar for rettstryggleiksoppgåver som klagesaker, tilsyn og legalitetskontroll, samt for samfunnstryggleik og som representant for kongehuset.

Forsøket er styrt av vedtekter vedtatt av fylkestinget og godkjent av Kommunal- og regionaldepartementet. Fylkesdirektøren er leiar for einskapsfylket.

Målet med Einskapsfylket blir definert på følgjande måte i Møre og Romsdal¹:

- Gjennomføre regional politikk og setje i verk statleg politikk og andre oppgåver for staten, og gjennom dette vere ein aktiv pådrivar i samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal.
- Sørgje for god samhandling med kommunane, næringslivet, organisasjonane og staten.
- Forenkle og effektivisere den offentlege organiseringa på regionalt nivå.

Ideen om einskapsfylke byggjer på ei drøfting av oppgåve- og ansvarsfordelinga i forvaltninga (Skjeggedal og Lysø 2005). Modellen har utspring i Sundsbøutvalet frå 1996, etter initiativ frå Kommunens Sentralforbund. I St.meld. nr 19 (2001-2002) vart det gjort framlegg om å gjere forsøk med ordninga. Også i den faglege utgreininga om alternativ til eksisterande fylkeskommune, vart einskapsfylke presentert som ein av fem ulike modellar for organisering på regionalt nivå.

Forsøket med einskapsfylke blir følgt i ei nasjonal evaluering (Skjeggedal og Lysø 2005, Lysø og Skjeggedal 2005). Denne evalueringa har i all hovudsak så langt sett på interne forhold på fylkesnivå, og har i liten grad vurdert forsøket frå brukarsida.

Kommunane er den viktigaste brukaren av dei tenestene fylket leverer. Som 'einskapsfylke' er det mogleg for den regionale eininga å opptre samla ovanfor kommunane. I den tidlegare evalueringa av frifylke vart dette kalla å ha "ei luke" med samordna sakshandsaming og rettleiing (Amdam 1996).

¹ http://www.mrfylke.no/digimaker/documents/Folder_om_einskapsfylket_juni_2005_mEIBiv5509205.pdf

I rapporten du no les, er formålet å sjå på dei erfaringane kommunane har hatt med einskapsfylket. Rapporten tek først opp allmenne erfaringar, sett frå kommunane. I tillegg vart tre tiltak/program som er gjennomførte innan ramma av einskapsfylket plukka ut for nærare studie. Valet fall på *Samla handsaming av plansakene, God Helse* og *Det 13-årige skuleløpet*. Målet er å vurdere einskapsfylket ut frå ein tanke om at ein breiare organisasjon har potensiale til å gi tiltaka eit anna innhald og eit anna fokus enn det som ville vere mogleg med to separate organisasjonar på det regionale nivået.

Gjennom forsøket med einskapsfylke er det etablert ei eiga stilling for plansamordning og gjennom *Samla handsaming av plansakene*, er handsaming av kommunale planar (kommuneplanar, reguleringsplanar, dispensasjonssaker og konsekvensutgreiingar) og konsesjonssaker, som tidlegare låg til fylkesmannen og fylkeskommunen no samla i regi av Møre og Romsdal fylke. Alle plansaker skal dermed sendast til ei adresse. Dei aktuelle sakene blir i første rekkje behandla i kulturavdelinga, areal- og miljøvernavdelinga, landbruksavdelinga og beredskaps- og kommunalavdelinga, men i staden for svarbrev frå fleire avdelingar, får private, kommunar og sentrale mynde no innspel og fråsegner frå fylket samla i eitt brev. Nokre hovudsakshandsamar har ansvaret for å koordinere tilbakemeldingane frå Møre og Romsdal fylke. Det blir rapportert frå fylket at det er frigjort ressursar på kring 2-3 stillingar gjennom omorganiseringa og desse blir no nytta for å kome tidlegar i dialog med kommunane/brukarane. Det blir vidare understreka at ein no greier å handsame ei større saksmengd utan å auke talet på tilsette, I tillegg kjem igangsetting av planskule for å gje tilbod om opplæring innanfor arealforvaltninga i kommunane

Det 13-årige skuleløpet er ein del av den nasjonal satsinga *Kunnskapsløftet*. Kunnskapsløftet er ei omfattande reform av heile grunnopplæringa som involverer både stat, fylke og kommunane. Den nye utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylke har teke mål av seg til å oppfylle dei nasjonale intensjonane i det 13-årige skuleløpet på ein betre måte enn kva ein kunne gjere om den statlege og fylkeskommunale avdelinga opererte kvar for seg. Gjennom *Det 13-årige skuleløpet* har fylket arbeidd med å få god samanheng, felles bruk av kompetanse mellom grunnskule og vidaregåande skule og andre forhold som mellom anna fokus på kva ein skal gjere for å fange opp elevar som ikkje fullfører det 13-årige løpet.

I regi av einskapsfylket er det vidareutvikla eit program kalla *God Helse*. Arbeidet skjer i samarbeid med lokale og regionale aktørar, samt Sosial- og helsedirektoratet. Målsettinga er å etablere langsiktig og heilskapleg førebyggjande arbeid. I denne satsinga inngår også FYSAK-satsinga med lågterskel fysisk aktivitet (til dømes Aktiv på dagtid) og KRUS (Nettverket om "ein ansvarleg rusmiddelkultur i nærmiljøa"). Satsinga skjer gjennom partnerskapsavtalar og samarbeid med kommunar, skular, frivillige organisasjonar og offentlege etatar. Gjennom eit positivt, langsiktig og heilskapeleg førebyggingsarbeid er målet å skape gode lokalsamfunn og god livskvalitet for menneska som bur i fylket. Arbeidet for betre folkehelse er koordinert med ei nasjonal satsing og vil i hovudsak skje på fem område: Auka fysisk aktivitet, betre psykisk helse, sunnare kosthald, redusert bruk av tobakk og ein ansvarleg rusmiddelkultur. Målet er at flest mogleg skal kunne leve eit godt liv og meistre sin eigen livssituasjon.

Etter at forsøket no har vore i gang i to år, vert det frå Møre og Romsdal fylke peika på konkrete resultat av omorganiseringa, der ein m.a. ser resultat av samordning, bruk av ressursar på tvers av avdelingane og at organisasjonen no rår over eit breiare

kompetansemiljø.² Resultata gjeld mellom anna dei tre nemnde områda, men også andre tiltak og program som det har vore arbeidd spesielt med i einskapsfylket.

Dette er den offisielle vurderinga av tiltaka sett frå fylkesnivået. Når vi her i denne evalueringa frå Møreforskning ser dette frå kommunane sin ståstad, er utfordringa å få fram erfaringar frå sentrale brukarar av dei tenestene einskapsfylket gir.

Kort om datagrunnlaget

Denne evalueringa av einskapsfylket, som Møre og Romsdal fylke har teke initiativ til, er sett saman av tre delar:

- ei undersøking blant dei tilsette i fylkesadministrasjonen
- ei undersøking blant brukarar i primærkommunane og
- ein studie der ein ønskjer å gå nærare inn på nokre ”nøkkelprogram” der einskapsfylket er involvert.

Dei to første delane av evalueringa er baserte på spørjeskjema til utvalde aktørar i fylket eller kommunane. Den siste delen er primært basert på kommunikative møte med erfarings- og forventningsanalyse med ulike grupper interne og eksterne deltakarar. Desse to undersøkingane er presenterte i eigne publikasjonar.

Denne rapporten er basert på kommuneundersøkinga. Kommuneundersøkinga vart gjennomført som ei internettbasert spørjeundersøking. Skjemaet vart sendt ut til ordførarar, rådmenn og etatssjefar eller tilsvarande med ansvar for områda førebyggjande helse, skule eller kommunal- og arealplanlegging. I tillegg vart ein sakshandsamar, koordinator eller person i tilsvarande stilling frå kvar av områda førebyggjande helse, skule og kommunal- og arealplanlegging i den enkelte kommunen inkludert. I praksis vil dette seie at vi kontakta mellom seks og åtte personar i kvar kommune. Talet på informantar i kvar kommune varierte dermed etter korleis kommuneadministrasjonen var organisert. For å finne fram til dei aktuelle informantane og deira e-postadresser, vart det gjort søk på Internett på heimesidene til kvar av kommunane. Dette vart så supplert via telefon med opplysningar frå dei enkelte kommunane.

Spørjeskjemaet er utarbeidd i samarbeid med Møre og Romsdal fylke. Møreforskning hadde ansvar for den faglege utforminga, men fekk mange gode innspel frå fylket med utgangspunkt i den kunnskapen ansvarlege for dei ulike områda sit inne med. Skjemaet er bygd opp i fleire seksjonar:

1. Enkle personopplysingar, slik som alder, kjønn, utdanning, arbeidsområde og liknande for kvar enkelt av informantane.
2. Allmenne spørsmål knytt til fylket der temaet er kjennskap til og røynsle med einskapsfylket. I dette inngår også påstandar om intern og ekstern effektivitet. Det er her lagt opp til ei omfattande kartlegging der det både er grunnlag for å få fram vurderingar av:
 - a) Status på fleire område ved dei tenestene fylket leverer (kor nøgde kommunane er – nivå/forbettringspotensiale for tenestene)
 - b) I kva grad tenestene har endra seg gjennom innføringa av einskapsfylke (i positiv eller negativ retning).Det er lagt vekt på å få med ein del punkt som også er dekt i undersøkinga gjennomført blant fylkesadministrasjonen, for å kunne samanlikne vurderingar på

² http://www.mrfylke.no/digimaker/documents/Folder_om_einskapsfylket_juni_2005_mEIBiv5509205.pdf

fylkes- og kommunenivå. I tillegg kan det også vere rom for å gjere samanlikningar over tid, basert på erfaringsgrunnlag frå frifylke-evalueringa på første halvdel av 1990-talet (Amdam 1996).

3. I tillegg til påstandar knytt opp mot einskapsfylket, er nokre av påstandane knytt til ein tenkt situasjon med større regionar. Vi har ikkje gått så spesifikt inn på ulike alternativ i denne delen av skjemaet for å ikkje gjere skjemaet meir omfattande enn naudsynt. Vi avgrensa difor til å vurdere dagens situasjon opp mot storregionar med anten Bergen eller Trondheim som regionsenter. Vurderingane vil her mellom anna avhenge av kva av dei to alternativa som er aktuelle, utan at vi har valt å gå så detaljert inn i dette spørsmålet.
4. Den siste seksjonen er delt i tre. Den dekkjer dei tre områda:
 - a) Samla handsaming av plansakene
 - b) God Helse
 - c) Det 13-årige skuleløpet.

Spørsmåla er retta mot dei som har kjennskap til det aktuelle området, medan dei som ikkje kjenner til det blei sendt vidare til neste område. Kvar område blir kort presentert i skjemaet. Deretter følgjer spørsmål om kva kjennskap kvar enkelt har til det arbeidet fylket gjer på det enkelte området. Dei som kjenner til dette arbeidet, blir utfordra til å seie meir om erfaringane dei har

Skjemaet blei sendt ut til alt 250 personar. Vi fekk svar frå i alt 162 personar, noko som gjev ein svarprosent på 64,8.

Om informantane

- Det er to hovudgrupper av informantar i undersøkinga. Den første er ordførarar og rådmenn. Den andre er eit utval personar med arbeidsfelt innan skule, kommunal- og arealplanlegging eller førebyggjande helse. Prinsippet for utvalet var at dette skulle omfatte ein person med ei leiande stilling innan arbeidsområdet og ein på sakshandsamarnivå innan same området.
- Hovudintrykket er at informantane på ein god måte speglar kommunane i Møre og Romsdal. (Tabell 1.1 til 1.5)
 - o I alt 74 prosent av informantane er menn, noko vi reknar som representativt ut frå den gruppa som vart inkludert i spørjegranskinga.
 - o Det er også eit stort innslag i aldersgruppa 51 år og eldre (57 prosent) noko som etter alt å døme heng saman med den type stillinga informantane har.
 - o Det er noko større variasjon med tanke på kor lenge den enkelte har arbeidd innan gjeldande arbeidsområde.
 - o Det er mellom anna 26 rådmenn og 20 ordførarar som har svara. I alt 70 prosent av kommunane er såleis representerte ved at rådmennene har teke seg tid til å fylle ut skjemaet. Det har gjennom konkrete tilbakemeldingar vore sagt at rådmannen i enkelte kommunar har gitt svar på vegne av seg sjølv og ordførar. Dette inneber at kommunane i Møre og Romsdal er godt representert med svar frå toppleiinga.

Allment om tilhøvet til fylket

(Tabell 2.1 til 2.5)

- Dei aller fleste av informantane har vore på **møte med fylket** i løpet av 2005. Ordførarar og rådmenn noko oftare enn dei andre gruppene. Men likevel er det ein av tjue i toppstillingane i kommuneleiinga som seier at dei ikkje vore i møte med fylket i løpet av året som gjekk.
- Av fagfolka innan dei tre arbeidsområda skule, planlegging og førebyggjande helse er det dei innan det sistnemnde området som i minst grad har hatt direkte kontakt med fylket gjennom møte.
- Mange ser på **fylket som ein viktig samarbeidspartnar** for kommunane. I alt 70 prosent av ordførarane og rådmennene opplever at dette i høg grad er tilfelle og 66 prosent av etatssjefane, sakshandsamarane m.v.
- Når det gjeld fylket si rolle i det å **medverke til kompetanseutvikling**, ligg hovudvurderingane meir midt på treet. Det er 25 prosent som gjev uttrykk for at fylket i stor grad fyller ei slik rolle, medan 53 prosent meiner at dette i middels grad er tilfelle.
- Mykje det same gjeld vurderinga av fylket si rolle som **pådrivar for samfunnsutviklinga**. Av toppleiinga i kommunane er det 67 prosent som meiner at fylket i middels grad fyller ei slik rolle, medan 26 prosent meiner fylket i stor grad er ein pådrivar for samfunnsutviklinga. Blant etatssjefane/saksbehandlarane er 62 prosent middels nøgde og 21 prosent godt nøgde.

Vurderingar av forsøket med einskapsfylke

I tillegg til meir allmenne synspunkt på fylket, vart representantane for kommunane utfordra på:

- 1) Kor nøgde dei var med einskapsfylket Møre og Romsdal (nivå på tenesta fylket ytar kommunane, og kva som er forbettringspotensialet).
- 2) I kva grad dei såg endringar som følgje av forsøket med einskapsfylke (korleis kommunane oppfattar utviklinga på fylkesnivået dei siste åra).

Spørsmåla vart stilte til dei som gav uttrykk for at dei kjende til forsøket med einskapsfylke, det vil seie alle unnateke ein av informantane. Jf tabellane 3.1 – 3.19 og 4.1 – 4.20.

- Blant toppleinga i kommunen er det 39 prosent som meiner at dei har stor **kjennskap til forsøket** med einskapsfylke. Fleirtalet gjev uttrykk for at dei har noko kjennskap til einskapsfylke.
- Når det gjeld **samarbeid mellom kommunen og fylket** er det store fleirtalet middels eller i stor grad nøgde. Medan halvdelan meiner at situasjonen er om lag som før innføringa av einskapsfylket, meiner nær tredjedelen at einskapsfylket har ført til betring. Det er toppleiarane i kommunen som i størst grad opplever ei slik betring (44 prosent).
- Når det gjeld vurderinga av kor nøgde den enkelte er med **tilsyn med kommunal sakshandsaming og kommunale vedtak** er fordelinga om lag som over. Heile 70 prosent opplever at situasjonen er som før når det gjeld denne tilsynsfunksjonen. Også her er det toppleiarane som i størst grad peikar på at det har skjedd betring (25 mot 10 prosent).
- Biletet er også i hovudsak det same når det gjeld kor nøgde ein er med **klagesaksbehandling over kommunale vedtak** etter særlover. 50 prosent er i svært stor eller stor grad nøgde. Her er det heile 75 prosent som meiner at situasjonen ikkje er endra etter innføringa av forsøket med einskapsfylket. 17 prosent av ordførarane/rådmenna har opplevd ei betring på dette feltet dei siste to åra mot berre 9 for den andre gruppa.
- Når det gjeld tilbodet om **retteiing og kompetanseheving** endrar fordelinga av svar seg noko. Det er 24 prosent som i stor grad er nøgd og i alt 56 prosent som opplever situasjonen som uendra etter einskapsfylke. Om vi ser på svara frå dei to hovudgruppene kvar for seg er det meir sprik, ein del opplever situasjonen som betra medan ei litt mindre gruppe opplever dette heilt motsett. Nok ein gong er det ordførarar og rådmenn som i størst grad opplever at tilbodet er betra (36 mot 16 prosent).
- Med tanke på **tilgang til sakskunnskap og kompetanse** er også dei fleste i middels eller i stor grad er nøgde (til saman 85 prosent), 63 prosent opplever ikkje endring på dette punktet. Medan 21 prosent av ordførarane og rådmennene opplever betring, opplever 27 prosent av etatssjefane, sakshandsamarar m.v. at tilgangen til sakskunnskap og kompetanse som dårlegare.
- Når det gjeld **oversikt over kompetanse- og tenestetilbodet** på fylkesnivået er fleirtalet i middels grad nøgde med stoda. Blant etatssjefar og sakbehandlarar er kritkarane fleire enn dei som er positive, mens det for ordførarar/rådmenn er omvendt. To av tre meiner det har skjedd lite endring som følgje av einskapsfylket. For etatssjefar og saksbeholdarar fordeler resten seg nokså likt mellom dei som ser betringar og dei som ikkje gjer det. Blant ordførarar/rådmenn er det 19 prosent som

har opplevd betring, mens 7 prosent meiner at oversikten over kompetanse- og tenestetilbodet har vorte dårlegare.

- Når det gjeld **samordning av kommunal, fylkeskommunal og statleg verksemd** utgjer gruppa som er middels nøgde knappe 50 prosent. Dei andre fordeler seg likt på ei gruppe som er nøgde og ei gruppe som liten grad er nøgde. Dette er eitt av dei områda der det frå kommunehald blir opplevd at einskapsfylke har gitt gevinst. I alle høve er det slik at halvparten av dei i toppleiinga opplever det slik (49 prosent). Blant dei andre informantane frå kommunane er det 38 prosent som opplever det same.
- På spørsmål om **samordning av økonomiske verkemiddel** er det også ei fordeling med om lag halvdelen som i middels grad er nøgde, medan dei andre fordeler seg i to nesten like grupper som i større grad og i mindre grad er nøgde. 60 prosent opplever at situasjonen ikkje er endra som følgje av forsøket med einskapsfylket. Blant dei som opplever endring, er dette for dei fleste til det betre. Dette gjeld særleg ordførarar og rådmenn der 35 prosent opplever at samordninga av dei økonomiske verkemiddel har vorte betra.
- I vurderingane av fylket si rolle i det **å utvikle felles prosjekt/tiltak på tvers av stat, fylke og kommune**, er 41 prosent i middels grad nøgde med situasjonen. Dei andre fordeler seg med ei litt større gruppe negative enn positive. I alt 56 prosent gjev uttrykk for at dei ikkje opplever situasjonen annleis enn før einskapsfylke medan 30 prosent opplever betring.
- Meir enn halvparten er i middels grad nøgde med den **oversikta dei får over verkemiddel som fylkeskommunen disponerer**. Her er det fleire blant toppleiinga i kommunen som er nøgde enn blant dei andre i kommuneadministrasjonen. 29 prosent er i stor grad nøgde. Dei aller fleste etatssjefane, sakshandsamarane m.v. ser ikkje noko endring på dette området (82 prosent). Blant ordførarar og rådmenn er det derimot ein av tre som meiner at situasjonen er betra som følgje av einskapsfylket.
- Ein endå større del av representantane frå kommunane hamnar på ei middels vurdering, når dei uttalar seg om **initiativa til nye utviklingstiltak** frå fylket. I alt 60 prosent vurderer at situasjonen etter innføringa av einskapsfylke er som før. Dei andre fell i størst grad ned på ein konklusjon om at det har skjedd ei betring. Dette gjeld særleg blant dei som sit i toppleiinga i kommunane (37 prosent).
- Om lag halvdelen er også middels nøgde med **finansieringa av utviklingstiltak** i fylket, toppleiinga i kommunen i noko større grad enn dei andre. Dei som i stor og liten grad er nøgde fordelar seg i om lag to like store grupper. Nesten tre av fire opplever heller ikkje noko endring på dette området som følgje av einskapsfylket. Blant dei som opplever endring er derimot dei fleste positive.
- Rundt halvdelen er middels nøgde med den **støtte kommunane får til å løyse utfordringane i eigen kommune**. Gruppa som er minst nøgde er større (33 prosent) enn dei som er mest nøgde (18 prosent). Også her meiner dei fleste at situasjonen er som før (69 prosent). Blant etatssjefane/saksbehandlarane er det omtrent like mange som opplever betring og som meiner dette er uforandra. Blant ordførarane/rådmenna er det nokre fleire som har opplevd positiv endring, 21 prosent svarar dette.
- I vurderingane av kommunen si **deltaking i planleggings- og utviklingsarbeid** på fylkesnivå er vel halvdelen (53 prosent) middels nøgde med situasjonen. 36 prosent er i mindre grad nøgde.
- Også når det gjeld **saksbehandlingstid** er om lag halvdelen middels nøgde. Særleg toppleiinga i kommunen har falle ned på dette alternativet, medan det er ein noko større del av etatssjefane, sakshandsamarane m.v. som i stor grad er nøgde. To av tre meiner situasjonen no er om lag som før einskapsfylket, medan 21 prosent opplever betring.

- Når det gjeld **service til kommunane**, er det fleire som i stor grad er nøgde enn kva som er tilfelle med dei andre påstandane. 40 prosent er i stor grad nøgde på dette punktet. Dette gjeld i størst grad etatssjefar, sakshandsamar m.v. Dette er eit av dei områda der flest også opplever ei betring med innføringa av einskapsfylke i Møre og Romsdal. Ei av tre tilbakemeldingar gjev uttrykk for at dei opplever betring. Samstundes er det 52 prosent som ikkje ser at det har vore noko endring.
- Med tanke på kommunen sitt høve til **påverking av vedtak på fylkesnivået**, er vel halvdelen mindre nøgde med situasjonen. Dei fleste meiner også at det ikkje har skjedd noko endring som følgje av innføringa av einskapsfylket (79 prosent). I den grad dei ser at det er ei endring, trekkjer svara mest i negativ lei sett frå kommunane.
- I underkant av halvparten er middels nøgde med den **forståinga** fylket har **av dei spesielle utfordringane kommunen og den aktuelle delen av fylket har**. Det er ordførarane og rådmennene som i lågast grad er nøgde på dette punktet. Blant etatssjefar/saksbehandlarar er 25 prosent i stor grad nøgde. Også her opplever det store fleirtalet i liten grad endringar (70 prosent). Dei som meiner situasjonen har vorte betre og dei som meiner den har vorte dårlegare deler seg i om lag to like store grupper, både blant ordførarar/rådmenn og etatssjefar/saksbehandlarar.
- I ei oppfordring om å oppsummere den personlege erfaringa med einskapsfylket er det 53 prosent av ordførarane og rådmenn som noterar **positive** endringar og 59 prosent av dei andre frå kommunane som gjer det same. Av **negative** endringar er det 24 prosent av toppleiinga i kommunane som nemner slike mot 36 prosent av etatssjefane, sakshandsamarar og liknande grupper. Tilbakemeldingane er samansette og vitnar om stor breidde i oppfatningar. Desse er presenterte som vedlegg.

Vurderingar av større regionar

Informantane vart utfordra til å vurdere korleis ei endring av den regionale strukturen kan slå ut på tilhøvet mellom kommunane og det regionale nivået. Dei vart bedne om å samanlikne med noverande situasjon. Spørsmålet var knytt til ei endring der Møre og Romsdal anten blei ein del av Vestlandsregionen eller ein del av Midt-Noreg (Tabell 5.1 til 5.13). Spørsmåla er hypotetiske og må vurderast i lys av det.

- 68 prosent trur at **samarbeidet** kommunen har **med det regionale nivået** vil bli dårlegare som følgje av ein overgang til større regionar. Toppleiinga i kommunen er i litt større grad negative til ei slik endring enn etatssjefar, sakshandsamarar m.v. Blant ordførarar/rådmenn er det 77 prosent som meiner dette vil bli ei endring i negativ retning. Informantane i Romsdal er mest negative. Her er det 65 prosent som trur situasjonen vil bli dårlegare samarbeid mellom kommunane og det regionale nivået, medan berre åtte prosent trur det vil bli betre. Nordmøringane er mest positive i og med at 32 prosent trur det vil bli betre. Men også på Nordmøre er det så mange som 45 prosent som trur det vil bli dårlegare.
- Når det gjeld tilgang til **sakskunnskap og kompetanse**, gir fleirtalet (54 prosent) uttrykk for at dei trur at situasjonen vil bli dårlegare. Svara frå ordførarar og rådmenn trekkjer i størst grad i ei slik retning. Totalt 22 prosent ser føre seg ei betring på dette feltet dersom ein fekk store regionar. Også på dette området er det romsdalingane som har det mest negative og nordmøringane det mest positive synet på potensiale i ein overgang til større regionar. I alt 72 prosent av informantane frå Romsdal trur tilgangen på sakskunnskap og kompetanse kan bli dårlegare, medan 45 av informantane frå Nordmøre trur det same.
- Når det gjeld grunnlaget for at kommunen kan **delta i planleggings- og utviklingsarbeid på regionalt nivå** er det store fleirtalet gjennomgåande negative i sine svar. Av ordførarar og rådmenn er det 84 prosent som vurderer det slik at situasjonen blir dårlegare med større regionar. I forhold til deltaking i planleggings- og utviklingsarbeid trur eit fleirtal av informantane frå alle dei tre fogderia at situasjonen vil bli dårlegare ved ei omlegging til større regionar. Nok ein gong er dei frå Romsdal mest skeptiske (87 prosent trur at situasjonen blir dårlegare) og dei frå Nordmøre minst skeptiske (58 prosent trur at situasjonen blir dårlegare).
- Heller ikkje når det gjeld **finansiering av utviklingstiltak** er det mange som trur på betring ved større regionar. To av tre trur derimot slik finansiering vil verte dårlegare som resultat av ei utvikling mot større regionar. Regionvis er fordelinga slik: 74 prosent av dei frå Nordmøre trur finansieringa av utviklingstiltak blir dårlegare, medan 56 prosent av dei frå Sunnmøre og 49 prosent av dei frå Nordmøre trur det same.
- Det same gjeld i forhold til kva dei forventar av **støtte frå det regionale nivået til å løyse utfordringar i eigen kommune**. Det er 61 prosent (67 prosent blant ordførarar og rådmenn) som trur situasjonen blir dårlegare, medan 28 prosent trur det ikkje blir endring. Det er nordmøringar som ventar forbetringar til å løyse utfordringar i eigen kommune ved hjelp av ein storregion. I alt 22 prosent gjev uttrykk for dette. Elles er dei fleste skeptiske. I Romsdal trur 79 prosent at situasjonen vil bli dårlegare, på Sunnmøre 56 prosent og på Nordmøre 50 prosent.
- Når det gjeld kommunen si **påverking av vedtak på det regionale nivået**, trur 71 prosent (80 prosent av ordførarane/rådmennene) at situasjonen vil bli verre enn kva den er med dagens regioninndeling. Ikkje meir enn fem prosent ser potensiale for forbetring gjennom utvikling av større regionar. Fogderivis er det 85 prosent av

informantane frå Romsdal, 72 prosent av informantane på Sunnmøre og 58 prosent av informantane frå Nordmøre som trur at påverknaden av vedtak på det regionale nivået kan bli mindre ved større regionar.

- Også når det gjeld forståing av dei spesielle **utfordringane** den enkelte **kommunen og dei ulike delar av regionen har**, er det få som trur på potensiale for betring (9 prosent). To av tre trur at større regionar vil gje dårlegare resultat enn kva som er situasjonen i dag. Fordelt på fogderi er det 82 prosent av dei som representerer Romsdalskommunane som trur at forståinga av dei spesielle utfordringane ein møter lokalt vil bli dårlegare med ein storregion. Tilsvarende tal for Sunnmøre og Nordmøre er respektive 69 og 52 prosent.

Vurdering av tiltaket "Det 13-årige skuleløpet"

Den nye utdanningsavdelinga i einskapsfylket Møre og Romsdal har teke mål av seg å oppfylle intensjonane i den nasjonale satsinga på det 13-årige skuleløpet på ein betre måte enn kva ein kunne gjort om den statlege og fylkeskommunale avdelinga opererte kvar for seg. Dei som hadde kjennskap til dette tiltaket vart utfordra til å gje ei vurdering av tiltaket (Tabell 6.1 til 6.16).

- Dei fleste som har skule som arbeidsområde i kommunane **kjenner til tiltaket**. Ein tredjedel av desse som seier at dei har stor kjennskap til tiltaket. I tillegg til dei som har skule som arbeidsområde, er tiltaket kjent blant nesten 90 prosent av toppleiinga i kommunane.
- Vel halvdelen av dei som har skule som arbeidsområde opplever at den nye utdanningsavdelinga har fungert som ein **viktig informasjonsformidlar** overfor kommunane. Ordførarar og rådmenn gjev liknande tilbakemelding.
- Når det gjeld å skaffe **oversikt over ressurspersonar og ressursmiljø** som skulane og kommunane kan gjere seg nytte av i eige kompetanseutviklingsarbeid, er tilbakemeldingane meir samansette. Det er 36 prosent som er einige i ein slik påstand blant dei som har skule som arbeidsområde, medan det blant ordførar/rådmenn er 42 prosent einige i dette.
- Det er også rundt ein tredjedel som meiner at den nye utdanningsavdelinga har vore viktig i arbeidet med å **legge til rette for felles møte og møteplassar** mellom grunnskule og vidaregåande opplæring.
- Den same svarfordelinga gjer seg også i store trekk gjeldande for fleire av dei andre påstandane informantane skulle ta stilling til. M.a. om den nye utdanningsavdelinga har vore viktig for arbeidet med å legge tilrette og samordne for at kommunen/skulane kan **bruke høgskule- og universitetsmiljøa** (44 prosent einige i dette), har vore viktig for å legge til rette med tanke på bruk av **programfag i grunnskulen** (39 prosent einige) eller har vore viktig for å sikre koplinga mellom grunnskule og vidaregåande skule med tanke på **gjennomgåande fag** (37 prosent einige). Det er ein gjennomgåande tendens til at ordførarar og rådmenn er noko meir positive enn dei som har skule som arbeidsområde.
- Når det gjeld arbeidet med å legge til rette for eit **heilskapleg arbeid i forholdet mellom grunnskule og vidaregåande opplæring**, er det noko fleire som gjev positive tilbakemeldingar på arbeidet som er gjort. Dette gjeld særleg blant toppleiinga i kommunane, der 55 prosent er positive.
- Eit fleirtal av ordførarar/rådmenn meiner fylket gjennom den nye organiseringa har lukkast i å gjere utdanningsavdelinga eigna til å **følgje opp kommunane** og grunnskulane i den nasjonale satsinga på det 13-årige skuleløpet. I alt 58 prosent av ordførarane og rådmennene opplever dette, medan det er 35 prosent av dei som har skule som arbeidsområde som opplever det same.
- Når det gjeld oppfatningar om den nye utdanningsavdelinga har lukkast å stå fram som meir samordna i forhold til **pedagogisk utviklingsarbeid**, er det stort sprik mellom svara til dei som har skule som arbeidsområde og dei som representerer toppleiinga i kommunane. Medan halvdelen av ordførarane og rådmennene er samde i ein slik påstand, er det 16 prosent av dei som har skule som arbeidsområde som gjev uttrykk for det same.
- Med tanke på om den nye utdanningsavdelinga har lukkast å stå fram som meir samordna i forhold til **drifts- og forvaltningsoppgåver**, er det 44 prosent av

toppleiinga i kommunen og 28 prosent av dei som har skule som arbeidsområde som er einige i det.

- Tilsvarande tal for i kva grad ein har lukkast å stå fram som meir samordna i forhold til **juridisk støtte** er 41 og 17 prosent. Nok ein gong er det toppleiinga i kommunen som er mest positive.
- I forhold til **personalarbeid** er det 10 prosent av dei som har skule som arbeidsområde som synest at fylket greier å framstå som meir samordna, medan 43 prosent av ordførarane og rådmennene meiner dette.
- I forhold til **tilsyn** er talet positive tilbakemeldingar noko større. I alt 30 prosent av dei med skule som arbeidsområde synest fylket står fram som meir samordna i forhold til tilsynsoppgåver, medan 47 prosent av ordførarane og rådmennene meiner det same.
- Berre 17 prosent av dei som har skule som arbeidsfelt og ni prosent av ordførarane nyttar høve til å seie noko om kva som er dei viktigaste **positive** endringane som følgje av einskapsfylke for kommunen som skuleeigar. Om lag halvparten av dei som har skule som arbeidsfelt trekkjer fram **negative** effektar, medan berre 10 prosent av toppleiinga i kommunen gjer det same. Tilbakemeldingane er presentert som vedlegg.

Vurdering av den nye behandlingsforma i plansaker

Einskapsfylket har innført ny behandlingsform for plansaker. Alle plansaker blir sendt i ein ekspedisjon til Møre og Romsdal fylke, fylke sine samla innspel og fråsegner blir gitt i eitt brev og alle kommunar kan forholde seg til ein hovudsaksbehandlar. (Tabell 7.1 til 7.8)

- Vel halvparten av dei som har kommunal- og arealplanlegging som arbeidsområde **kjenner** godt til **ordninga**. Det er også 87 prosent av desse som har vore involverte i plansaker handsama etter den nye forma. Ordførar og rådmenn har også rimeleg god kjennskap til den nye ordninga.
- Dei fleste opplever at tilhøvet til fylkesnivået har vorte **ryddigare** som følgje av den nye behandlingsforma. Dette gjeld heile 92 prosent av dei som har kommunal- og arealplanlegging som arbeidsområde.
- Likeins er eit stort fleirtal av den oppfatninga av at fylket på denne måten greier å opppre **meir samla**.
- På spørsmålet om fylket har vorte **meir forutsigbare** som følgje av den nye behandlingsforma er svara litt meir samansette. Eit klart fleirtal av dei som har kommunal- og arealplanlegging som arbeidsområde er likevel usamde i at dette er tilfelle (63 prosent).
- Det er eit klart fleirtal som opplever at fylket har vorte betre eigna til å **følgje opp kommunale plansaker** som følgje av den nye behandlingsforma som kom med forsøket med einskapsfylke.
- Også når det gjeld det å samordne **arbeidsmetodikk** kring plansaker er dei aller fleste samde i at ein har lukkast gjennom dei grep som er gjort i forsøket med einskapsfylke.
- I forhold til samordning av **juridisk støtte og kurs og opplæring** er innslaget av dei som opplever at situasjonen som uendra noko større. Fleirtalet heller likevel mot ei oppfatning av at det har vore ei positiv utvikling her også, i alle høve blant dei som har kommunal- og arealplanlegging som sitt arbeidsområde.

I regi av einskapsfylket er det også sett i gang eit tiltak kalla Plannettverket. Dette blir organisert i fire regionale planfora som kan fungere som egne nettverk. Einskapsfylket har initiert nettverk og samlingar mellom planleggar med sikte på kunnskapsløft og erfaringsutveksling, og tek opp nye krav som vert stilt til arealplanlegging og konsekvensanalysar. Einskapsfylket har teke eit proaktivt ansvar for initiering og drift av desse nettverka i samarbeid med kommunane. Da undersøkinga vart gjennomført hadde det vore halde ei samling for to av regionane og to samlingar for to av regionane. (Tabell 7.9 til 7.15)

- Plannettverket er ikkje så godt **kjent** som den nye behandlingsforma av plansaker, korkje blant dei som arbeider direkte med planoppgåver eller blant ordførarar og rådmenn. Det er likevel vel 60 prosent av dei som har arbeidsområde innanfor kommunal- og arealplanlegging som har noko eller stor kjennskap til nettverket. I alt 57 prosent av dei same har også delteke på planforumsmøte arrangert av fylket.
- Dei fleste som kjenner til nettverket opplever dette som eit eigna verkty for å sikre **erfaringsutveksling** mellom kommunane i planspørsmål.
- Likeins er dei fleste einige i at fylket har vorte viktigare som **nettverksbygger** mellom dei som arbeider med planlegging i kommunane. Heile 91 prosent av dei med kommunal- og arealplanlegging opplever det slik. Ordførarar og rådmenn opplever det

også i stor grad slik, i og med at 67 prosent er samde i at det her har vore ei utvikling til det betre.

- Svarfordelinga er langt på veg den same når dei same gruppene vurderer om fylket har fått ei viktigare rolle i å sikre kommunane tilgang til **kompetanse i planspørsmål**. I alt 86 prosent av dei med kommunal- og arealplanlegging som arbeidsopplever det slik.
- Også i oppsummeringane gjev både dei som arbeider innanfor området, i tillegg til ordførarar og rådmenn i stor grad uttrykk for at dei opplever at einskapsfylket har ført til **positive** endringar og tiltak for planarbeidet i kommunen (95 og 71 prosent), medan få peikar på **negative** endringar og tiltak (17 og 9 prosent). Tilbakemeldingane er presenterte som vedlegg.

Vurderingar av førebyggjande helsearbeid

God Helse er namnet på Møre og Romsdal fylke sin satsing for å betre helsa til innbyggerane i fylket. Målet er at flest mogleg lever eit godt liv og meistrar sin eigen livssituasjon.

Satsinga skjer gjennom partnerskapsavtalar og samarbeid med kommunar, skolar, frivillige organisasjonar, offentlege etatar og særleg Sosial- og helsedirektoratet. Gjennom eit positivt, langsiktig og heilskapeleg førebyggingsarbeid er målet å skape gode lokalsamfunn og god livskvalitet for menneska som er busett i fylket.

